

## Referat frå leiarmøte i Rogaland Sau & Geit,

17. og 18. oktober 2008

Moi Hotell i Lund kommune

### Velkomst

**Knut R Thunheim, leiar i Lund Sau og Geit** ynskte oss velkomen, og fortalde litt om kva sauenæringa hadde av utfordringar her, mtp synkande tal brukarar.

**Ordførar i Lund Kommune Olaf Hafstad (AP)** ønska oss hjarteleg velkomne til ” vakre Lund” ein kommune med ca 3000 innbyggjarar. Nordan vindusfabrikk er hjørnesteinsfabrikk, dei har eit rikt kulturliv, og arrangerer m.a aurefestival i august kvart år. Kommunen har ikke eigedomsskatt, innbyggjarane har den billigste barnehagen i landet og dei har rask behandling på teknisk etat. Landbruket sysselsetter ca 100 personar, med ca 20000 dekar jorbruksareal .

Alf Torstein tok opprop. Alle lokallag og vereringar møtte med sine representantar, forutan Rennesøy verering.

### Leiartale:

#### Ole Jonny Espevold, leiar i Rogaland Sau og Geit:

Snakka litt om Fotråte-tematikken, og korleis dette var eit heitt tema før NSG med sitt ”Prosjekt snu sauen” overtok styringa. Då dette endleg vart overlete lit andre, havna RSG midt i Rovdyrproblematikken. Det er vart opna for lisensjakt og jungeltelegrafan har bidrege til at jakta kom i gong. Magne Jakob Bjørheim har vore ein svært hjelpsam nøkkelperson mtp informasjon, ein stor takk til han!

Deretter vart det også trøbbel med Toksoplasmose-forsøket, som etter lang tids arbeid og organisering vart avlyst pga manglande sending av fortynningsvæske! Verkeleg leit at dette vart avlyst, men no har me lært av alle feila undervegs,- og er meir enn førebudd til neste år!

Etter alle keisame sakene var det ein skikkeleg opptur å få oppleve VM i saueklypping og dei norske medaljane!

12 nye medlemmar vart innmeldt under VM arrangementet.

Gladnytt frå geitenæringa er at det endeleg er klart for byte av kumjølkkvote til geitemjølkkvote også her i Rogaland.

#### Kommentarar:

Ola Jordebrekk kom med kritikk for at det vart arrangert to viktige møter på same kveld då det var informasjonsmøte om fotråte i Suldal same kveld som det var rovdryrmøte på Hjelmeland.

Svar: Det var NSG og RSG som arrangerte møter, altså ikkje same arrangøren.

### Ullinnsamling i Rogaland før og no.

#### Ved Borghild Øyna, Norilia:

Nsg, Norilia og Fatland har samarbeidsmøte om ullhandteringa kvart tredje år, og forhandlar fram avtalar. Etter dette møtet vart det klaga på Rogaland, at ordninga ikkje fungerer tilfredstillande i fylket vårt.

Norilia gjorde ein kjempe tabbe i fjor då dei altfor raskt flytta ullstasjonen frå Eigersund til Forus. Dette vart påklaga frå mange hald, og det har vore ein vanskeleg prosess, og mange problemer. Ullavdelingsleiar sa opp i protest,og det er ingen nyttilsette i denne stillinga. No vil Borghild Øyna gjera eit forsøk på å rydde opp i ullinnsamlingspraksisen i Rogaland.

Her er enormt mange ulike ordningar, men generelt mykje positive tilbakemeldingar når Øyna har ringt for kartlegge korleis ordninga fungerer, og korleis det er ynskjeleg å ha det. Forus har framleis så høg slakteaktivitet på småfe at dei enno ikkje har moglegheit til å klasse ulla. Ull til Forus har lenge gått til Gol for klassifisering. Kritikk til oss alle: det hastar ikkje å få klassifisert ulla ein har klyppa no nett! Ein har plass på løa ei tid til,- før ein treng plassen til lemming og anna. Det er høg aktivitet på ullstasjonane i slaktesesongen, vent med å levere ulla til det er litt betre fordeling av arbeidsmengda utpå vinteren!

Prisane er ulike, og dette er ei sak det skal takast tak i, slik at det vert lik pris og lik ordning,- og at ulla vert levert til ullstasjonane i samarbeid med Norilia! Lokallagsleiarane fekk utlevert lister som skal følge ulla. Avtalen om ullinnlevering seier at det IKKJE er naudsynt å vere medlem i NSG for å levere ull via lokallag til Norilia. Dette er nytt for mange. Og dette kan såleis også vere til inntekt for lokallaget, om ein kan få med seg fleire leverandørar.

Øyna ber om oppdatering av desse listene, med namn på ulleverandørar og anna, dette treng me å få orden på!

Borghild Øyna, postboks 10, 5589 Sandeid.

E-postadresse: [borghild.oyna@norilia.no](mailto:borghild.oyna@norilia.no). tlf 48011640

Målet for nystarta ullmottak er at all vår og haustull skal vere fjerna frå gardane i god tid før lemminga.

Thunheim påpeika nødvendigheita av ny og betra organisering av ullinnsamlinga, dei 85 øra lokallaga får pr kilo ull, skal me yta litt service for!

Det er kome ullsekker til Norilia, og Norilia ynskja at fylkeslaget skulle be lokallaga bestille inn til sine lag. Prisen er kr. 6,25 pr sekk, sekkene er litt større enn ein 50-kg`sekk. Forslaget er at Lokallaga kjøper inn heile eller halve pallar,- og fordelar mellom medlemmane sine. Forslag frå fleire i salen om å ha sekkene på ein landbruksvarebutikk, som kan selje sekker til produsentar som ynskjer det! Det er dessutan mange lokallag som ikkje er mva-registrert,- og som dermed vil få problem med å kjøpe opp så store kvanta.

## **Fotråte i Rogaland**

### **ved Bjørn Høyland frå NSG sitt prosjekt ”Snu Sauen”**

Dei aller fyrste besetningane med fotråte i landet, vart oppdaga i Time og Hallingdal. Mattlisynet (MT) handterte sjukdomen ulikt frå fylke til fylke, dette gjorde situasjonen nokså uoversiktleg. No har det endeleg kome seg litt, og det er nokså lik praksis i heile landet.

Me hadde trudd at det var Time som skulle vera verstingen i Rogaland, men ettersom tida gjekk, var det Rennesøy som vart den verst råka kommunen. Det kom tydeleg fram at noko måtte gjerast, og snu sauensprosjektet vart født.

13 sept var det 13 flokkar i Rogaland med fotråte. I dag er det 17.okt,- og det er snautt 150 flokkar med påvist fotråte.

Det er ingen faktorar som på førehand kan seie kven som vert smitta, og kor hardt ein kan bli ramma. Me har hatt 15 effektive arbeidsdager i snu sauens,- og har snudd 63 000 sau på denne tida. Dette er eit prosjekt som normalt skulle vore planlagt i fleire månadar i forvegen,- men her vart det berre 14 dagar, og så var me i gong! Det er haugevis av utfordringar kvar dag,- og lokallaga skal berømmast for ein formidabel innsats i dei kommunane ”snu sauens” har vore i! Det har blitt mange og lange dagar på nokon av lokallaga, og høg belastning å lokallagsleiarane.

Å bli ramma av fotråte når ein er avhengig av fellesbeite, er inga lett sak. Det er mange spørsmål som enno ikkje er avklarte, og det er mange som er i villrede på kva ein skal foreta seg. Eitt år med restriksjonar og bandlegging utan å vere sikre på om saneringa har ønska effekt, det er vanskeleg, og endå vanskelegare å rådge eit slikt tiltak. Sanering gir ikkje garantert heiasending. Dei smitta besetningane står sjølvstøtt fritt til å gå i gong med sanering, men det fins enno ingen garantiar på korleis ein heilt sikkert skal sanere. Oppfordring til lokallagsleiarane er å gje evt fotråte-ramma medlemmar beskjed om å aller fyrst dempa smittepresset,- og fryse situasjonen enn så lenge. Straks ei besetning vert påvist positiv,- må det setjast i gong fotbading!! Dette er veldig viktig å sørge for, at dei smitta besetningane vert fotbada, slik at dei på denne måten vert mindre smittefarlege. Saneringa er så omfattande og kostbar at det enno vil vera uoverkommeleg for mange.

28.okt er det venta svar frå Landbruks- og mat-departementet på om det vert løyva pengar til dette. Høyland ber forsamlinga ta med seg at det kan vere lurt å ha litt "is i magen".

Torsen frå Rennesøy og Mosterøy sau og geit orienterar om ståa frå ein besetning som no har prøvd seg på sanering. Har hatt med seg veterinær i fem dagar, og veterinærane har sjølve uttalt at dei tykkjer det er svært vanskeleg å tette alle smutthulla som er i ei slik sanering. Han fortalde også om kva ein svensk saueprodusent har fortalt om si erfaring med sanering, og andre dømer frå besetningar på Rennesøy. Viktig lærdom frå Rennesøy er å starta fotbading umiddelbart ein har fått påvist fotråde.

B.Høyland: i fotbada vert det nytta Zinksulfat, noko som er **svært miljøskadeleg**, og dermed ikkje skal nyttast utan at det er heilt naudsynt! Det er ekstremt skadeleg for vasslevande organismar, og kostar mellom 5000-8000 kroner pr 1000 liter å levere inn til destruering. Sauenæringa kan ikkje gjere seg til miljøskurkar, lokallagsleiarane vert oppfordra til å ta omsyn til dette, og informera medlemmane om denne faren, og heller ikkje fotbade på mistanke!

Kommentarar:

- Geir Nielsen: er dette ei sak som RSG bør kike på? Korleis me skal handtere Zinksulfat-avfallet etter fotbadinga. ?
- Hans Ness: eg vil gjerne vite om NSG har teke kontakt md Sverige for å innhente kunnskap om sanering av fotråde? Vil også påpeike at det er leit at veterinærar vert mistenkte for å ikkje ha kunnskap nok om fotråde.

Svar frå Høyland: dessverre, veterinærane veit ikkje nok enno. Dei manglar erfaring med sjukdomen, derfor vert det ikkje tilstrekkeleg å stole på utsagn om smitte eller ikkje smitte, frå ein veterinær. Nsg har ikkje ansvar for å finne aneringsoppskrifta, dette er Helsetenesta for Sau sitt fagfelt,- og me veit at dei har vore i kontakt med både Sverige og andre europeiske land, for å skaffe kunnskap om sanering av fotråde på sau.

- Øyvind Bergøy: Finn de fotråde på sau frå fjellbeite?

Svar frå Høyland: det er vanskeleg å seie noko handfast enno, om fjellbeitande besetningar er mindre ramma av fotråde, enn andre. Det me veit, er at det er vanskelegare å finne kliniske symptom i desse besetningane.

- Jon Arvid Vassbø: Kva med geita?

Svar frå Høyland: mange av geitene er høgdrektige no,- dermed vil me avvente desse litt. I besetningar der dei ikkje er så langtkomne, sjekkar me dei ståande på bås, der det er mogleg å stenge dei fram.

- Kjell Åge Torsen: Rennesøy Kommune har vore i kontakt med Åsgeir Almås på UMB for å høyre om det er alternative måtar å kvitte seg med avfallet frå zink-sulfat-fotbada. Det er gjordt lite studiar på dette, Almås seier han kan teste ut om det er mogleg å blande dette inn i gjødsla,- eller anna, men at dette krev midlar. Her har RSG noko å tenkje på.

Etter 15 effektive arbeidsdagar er det snudd ein tredjedel av sauene i fylket. Det poppar opp smitte her og der, - og det viser at det er høgaktuelt å få sjekka utbreiinga av smitten vidare, slik at me får oversikt over situasjonen!

## Nytt frå NSG

### ved Ragnhild G Vikesland, rådgjevar i NSG

Det er viktig å ha slike organisasjonar som dette!

Me har 12-13 000 medlemmar, og det seier eindel! Men på veg mot velfungerande lag, er det eindel som skal gjerast, og fungera. Vikesland tok fram litt om dei strategiske måla i NSG, som leiarane skal ta med seg heim, - og ha i bakhovduet i det daglege.

Andre sentrale tema:

Dyrevelferd: NSG har ein eigen handlingsplan for dyrevelferd,- dette er eit greitt dokument å ty til,- når ein treng kunnskap. Jobb nr 1 her, er kompetanseoppbygging. 1.januar i 2010 MÅ alle husdyrbrukarar kunne dokumentera at dei har eit minstemål av kunnskap om dyrehold. NSG har ansvar for at dette kjem på plass hjå

alle småfeprodusentar, dette er no så smått i gong med kompetansebeviset. Det er verken karakterar eller eksamenar i dette, det er kun "delteke" eller ei som vil gjelde. Lokallagsleiarane vil snart motta ein informasjonspakke frå NSG, om kompetansebeviset. Animalia har på oppdrag frå NSG laga til eit kursopplegg for oss, slik at me kan få gjennomført ein kursserie som Mattilsynet godkjenner. Motivasjonsvanskar vil me innimllom møte, men det er på tide å ta inn over seg at dette er kome for å bli! Det er sertifiseringskrav i alle produksjonar og næringar, dermed kan me ikkje halde oss utanfor. Me driv matproduksjon. Og hugs: det kan bli kjekke kveldar og dagar i lag med andre saueinteresserte!!

Kurset vil bestå av ein felles introduksjonskveld, som ein med fordel kan ta i felleskap med andre dyreslag eller faglag. Til denne delen er det laga ein dvd / film som tek for seg kurset. Deretter er det meint at ein skal ta for seg boka helse og velferd for sau,- fordelt på fire kveldar, evt ei helgesamling. Ein skal også ha ein gjennomgang av besetningen. Det skal koma eit eige kursopplegg for geit, her i samarbeid med Tine. I tillegg til dvd'n følger det med eit rettleingshefte og boka "helse og velferd for sau".

Kom i gong ved å melde frå til [www.bsfstudie.no](http://www.bsfstudie.no) eller [www.husdyrvelferd.no](http://www.husdyrvelferd.no)

Dei som er veterinærar, agronomutdanna siste 10 år, eller høgare agrotekninkarutdanning har oppfylt krava via utdanninga, og er såleis ikkje pålagt å skaffe seg kompetansebeviset.

Kommentarar:

- T.Ravndal: hvis ein ikkje skaffar seg kompetansebeviset, kva skjer då?

Svar frå Vikesland: Det er Mattilsynet som handhevar dette påbodet, og kva desse vil foreta seg, det er ikkje kjent.

- Jordebrekk vil påpeika at han kjenner seg lei av å måtte gå på kurs når han veit at han ikkje vil bli ein flinkare husdyrbrukar av dette.

Svar frå Vikesland: det må vera i eigen interesse, å visa samfunnet at me tek dette på alvor? Det er eit sjølvstendig mål i alle næringane,- og er såleis ikkje eit vanskeleg mål å etterkomme?!

### **Om Beitebruk:**

Beita er sjølve grunnlaget for heile næringa. Vikesland oppfordrar lokallaga til ta hand om organiseringa av beita. Mange beiter slit i dag med fråfall av sau og folk som kan ta hand om dyra. Derfor vil det verta viktigare og viktigare å organisera seg. Ein bør styrka oppslutningen om både beitelag og faglag / lokallag i Sau & Geit. Vedtekter og avtalar innan beitelaga kan med fordel delast med andre lag i området. Det er også ytra ønske om at det bør vera eit felles nettverk for beitelaga.

Sterkaste oppfordringa frå Vikesland, er at alle må tenkje på,- og bruka BEITEBRUKSPLAN!! Brosjyre vart utdelt til lokallagsleiarane,- og yttarlegare informasjon kan skaffast hjå NSG sentralt. Viktig nr to, er at alle vert flinke til å bruke verkemiddelordningane! RMP til drift av beitelag, fristen for å søke er 1.november,- hugs dette kvar haust.

Beitebruksplanen har tre hovudmål:

1. Å dokumentera omfanget og verdien av beitinga i dag.
2. Å koma med tiltak som styrkar beitebruken og reduserar konflikhtar
3. Å sikra at beitenæringa har tilgong på areal og ressursar også i framtida.

Kommentarar:

- Knut R Thunheim: oppfordrar alle til å ta i bruk beitebruksplan! Det har me gjort her i Lund kommune,- og etter at denne vart iverksett, har det vore heilt slutt på konflikthane! Me involverte kommunen med både jordbrukssjef og miljøvernleiar, grunneigarar og andre. Alle partar fekk vere med, og pga dette vart det minimalt med uro i etterkant.
- Per J Lyse: me har store utfordringar i våre beiteområde, pga høgt press på heia frå hytte- og jakt-folk. Grunneigarar vil kan hende foretrekke jakt og hytteutbygging framfor sauebeiting? Er det slik at sauehaldarane bør forlange beitebruksplan i slike område,- for å sikre seg?

Svar frå Vikesland: Lokalmiljøa har ein stor gevinst for å stelle godt med beita sine og sauena tene ofte på å vise godene av å ha sau på beita! Nsg og sauena får slik eit godt høve til å vise at me har noko å koma med, at me har noko å by på!

### **Om Rovvilt:**

Det er svært lite bra at det er fokus på dette emnet i Rogaland. Dette er også eit argument for å ha eit godt organisert beitebruk. I denne regionen er beitebruken som står i hovudetet,- dette er opp og avgjort. Rovvilt skal ikkje vere her. Veldig viktig at organisasjonen er på hugget i ei slik sak! Det er eit nytt forslag til rovviltforvaltning ute no, les denne, og kom med tilbakemeldingar! Forvaltninga er enormt oppteken av å fortolke lovverk og forvaltningsplanar,- og det er derfor endå viktigare at også me kjenner til dette! Når det gjeld nødvergerett er det også skremmande lite måloppnåing, det er forvaltninga som vinn, og fortolkar heile tida! Opplyser også at NSG har søkt om midlar til å opprette eit rovviltprosjekt, som skal synleggjere næringa på ein meir positiv måte!

Flotte plakatar til å bruka på beita vart viste fram,- desse kan bestillast i sekretariatet.

### **Kåringa 2008**

#### **gjennomgang ved Per Johan Lyse**

Det vart halde dommarsamling hjå Guttorm Gudmestad på Rennesøy, dette kjendest som ein god og fin tradisjon, der me kan få friska opp kunnskapar og reglar. Ein stor takk til Guttorm som husa oss. Vedtaket om heimekåring er det allereie snakka eindel om, og det vart ein kompliserande faktor. Lokallagsleiarane vart straks kontakta, og informert om vedtaket. Mattilsynets regionkontor har bidratt med reglar om smittevern i besetningane, samarbeidet har fungert godt. Indekskravet var nytt frå i år, auka til 110. Ingen store reaksjonar på dette, på NKS er dette eit lite problem, men ein større utfordring på kvit spæl. Dog, var det også her færre lam å avvisa enn venta. I Vindafjord er 80 % av kåringslamma spæl, her var det mykje fint å sjå! Pels og farga spæl gjekk fint. Indeksjøringa var også ny i år, lammavekt skal minst vera lik buskapsmiddel, også dette vart fint motteke. I år er det også langt betre rapportering enn førre år, mindre feilrapportering, og raskare oppdatering. Flott innsats alle saman!

**Gjennomføring:** Det vart ei dyr kåring i år, med lange dagar på mange av dommarane. Det er ein reell fare for rekrutteringa når dagløna er 750 kr pr dag, og ein arbeidar 12 timar. Gledelag nytt frå vedtak i styremøte i går, er at løna er heva til kr. 1500,- pr dag. Mange dommerar er med i "snu sauene", fotråta kom som eit tog på oss alle, alle har vist forståing, honnør til dommerane for flott innsats, og til lokallaga for god innsats! Me har fått sjå mange flotte gardar i fylket vårt, dette var eit gode i heile situasjonen.

2008 er ein spesiell sesong, med så godt heibeite som me har hatt i år! Mogleg at dyra også presenterar seg meir reelt heime på eige tun, enn når dei vert transporterte frå gard til kåringsgård? Veldig lite vraking i år, som resultat av ovannemnde. Besetningar med fotråte vart fjernkåra i år, for at dei ikkje skulle bli forbigått pga at dei var ramma av fotråte. Grunn til dette, er at dei allikavel ikkje kan selje lam, kåra lam skal berre nyttast i eigen besetning, ergo var det ikkje farleg om dei vart kåra.

**Bjerkreim:** god gjennomføring, godt opplegg frå lokallaget!

**Vindafjord:** lang dag, ingen kjentmann frå lokallaget, men kjøringa vart grei allikavel. Svært mange finne spællam!

Utfordring til spælflokkane i Vindafjord, er at dei må få verlamma sine granska, slik at andre også kan få tilgang til desse gode dyra!

**Ølen:** fyrste året i år, var i to besetningar, jamne fine lam, god gjennomføring.

**Karmøy:** kun ei besetning som kårar lam, i ein kommune med så mykje sau!! Her har me ei utfordring! Motivasjon må til for å få med felire til å kåre lamma sine!

**Hå:** god gjennomføring frå lokallaget, auka antal stilde lam, og antal kåra lam.

**Forsand & Strand:** Litt endring pga fotråte også her, men god gjennomføring til slutt, spreidd på fleire dagar. Her gjekk ut eindel lam pga marg, kan hende pga at det ikkje er teke ut margprøvar her siste åra?

**Sauda:** flott dag i solskinet! God opplegg frå lokallaget, passe daglengd, og dei få lamma som vart stilde var flotte. Det er gledeleg å merke seg at miljøet tek seg opp, med bygging av nye hus, og unge folk inn i næringa!

**Gjesdal:** mange rasar i kåringa, det set me pris på! Litt auke i antal stilde, noko som også er gledeleg!

**Hjelmeland:** grei gjennomføring, lang reise for mange. Ei lita auke i antal stilde, aktivt og godt ringmiljø der.

**Moi:** ingen store endringar frå førre år.

**Blesete & Brokete:** store avstandar, gledeleg med 100 % auke!!

**Helleland:** fin gjennomføring

**Nedstrand:** fin auke i antal stilde og kåra også her, grei gjennomføring.

**Tysvær:** auke i antal stilde og kåra, fin dag.

**Suldal:** Svært mange flotte lam! Fantastisk heibeite, og flotte gardar. Lang dag, men grei gjennomføring.

**Finnøy:** fotråde påverkar situasjonen,- færre stilde lam enn før. God gjennomføring frå lokallaget.

**Sandnes:** lokallaget stilde godt opp,- fine lam. Flott opplegg mtp smittevern!

**Time:** Fotråde slår negativt ut også her, med færre stilde lam. Grei gjennomføring

### Kommentarar:

- Hans Ness: kven betalar dommarane?

Svar frå Per Johan Lyse: RSG betalar dommarane. RSG får tilskot av NSG.

- Hans Ness: kan me rekne med å ha dei best kvalifiserte dommerane når me betalar dei så dårleg?

Svar frå Per Johan Lyse: Me har ein god dommarstokk, med god kvalitet på dommarane. Det vil aldri bli mogleg å betale dommerane timeløn. Noko av dugnadsarbeidet pga interesse for sauene må me nok rekne med å ha.

- Hans Ness: kor godt eigne til å dømme pelsskinn er dei norske dommerane?

Svar frå Per Johan Lyse: Pelslaget har bidratt med dei siste retningslinjene for dømning av pelsskinna og pelslam, og me hadde dette som eit eige emne på dommarsamlinga!

### **Meir om Fotråde i Rogaland**

#### ved Bjørn Høyland frå NSG sitt prosjekt "Snu Sauen"

Til lokallaga: det er eit lite sirkus når dette står på. Det er eit omfattande arbeid, med mange logistiske utfordringar. Det er eit mas om at me skal koma, og de er glade når me kjem, men mange er nok vel så glade når me er reiste igjen! Det har til no vist seg at arbeidet ofte fell på 2-3 mann i lokallagsstyret, som verkeleg tek ansvar og gjer ein solid innsats! Det har vore ein fantastisk innsats! Å halde styr på alle snuarane, få dei vaska og desinfiserte, kjøre ut og hente inn att., samt å guide klauvinspektørane ut til dei ulike plassene,- det er eit enorm arbeid!

Det er av hensyn til effektiviteta, at me går breidt ut i kommunane, framfor å spreie oss i heile fylket.

Mange har måtta samle sauene ned frå heia lenge før planlagt tidspunkt,- for å møte dette behovet. Me må strekka oss litt i begge endar, for å få dette til å gå i hop!

Besetningane får 4-5 dagar å førebu seg på,- før dei skal snu sauene i si besetning.

Klauvinspektørane skal også ha ein god porsjon skryt for ei enorm arbeidsinnsats!

Fruktbarheita vert ikkje påverka av sninga, hevdar speisialistane på området. Men det som tel her, er ikkje kvad desse seier, det er kva sauefolket seier og opplever i dette. Er redd det vil koma skuldingar om kasting. Som dei seier i Vest Agder,- dei vil heller at me kjem og kikar på klauvene no, og at dei kastar rett etter bedekking, enn at dei kastar i januar!

#### Kommentarar:

- Halsnøy: kan det vera ein ide å berre ta prøvar i besetningane, slik at ein veit om det er smitte, utan å snu sauene, og på den måten få utelukka kven som har denne sjukdomen?

Svar frå Høyland: Nei, det skal både kliniske observasjonar og prøvar til for å påvise sjukdomen.

- Hans Ness: er det slik at dei som har fått sjekka sauene av veterinær kan oppleve at prosjekt snu sauene kjem og skal sjekka sauene i tillegg?

Svar frå Høyland: Ja. Prosjektet er sett til å snu sauene, dette skal gjennomførast. Det er dessverre ikkje mange veterinærar i Rogaland som har vidare god kunnskap om denne sjukdomen enno dessverre. Fotråde er ein ny sjukdom også for dei, og det tek tid å opparbeida seg kunnskap.

**Avlsnytt:** Fotråten set spor etter seg også i avlsarbeidet denne vinteren. Vereringar med 2 eller fleire smitta besetningar vert stoppa. Det er dog opna for at større flokkar kan få drive jamsidesgransking i eigen flokk. Desse må ha minst 80-90 dyr i flokken. Store spælflokkar er særskild velkomne til å vere med frå i år, og drive jamsidesgransking. Budsjettet for neste år sprekk med ein million,- kvar skal desse midlane hentast i frå? Noko må dessverre kuttast.

- Øyvind Bergøy: når prisen på eit kåra verlam er 2000 kroner, er det då dyrt å betala kr 75 for å kåra dei?

Svar frå Per Johan Lyse: det er litt arbeid å produsera gode verlam,- dei er verd prisen sin! Prisen burde heller vera kr. 2500!

- Kåre Grude: Lilla klype i øyra betyr ikkje nødvendigvis at alle lamma vert selde! Det er ikkje alltid at utgiftene står i stil med inntektene.

Svar frå Bjørn Høyland: kåringa kan lure kjøparane til å kjøpe lam som verkeleg ikkje gjev avlsframgong!  
Døme: einstaka digert lam, mot lite trillinglam på heia.. Dette kan lett motvirka trua på indekssystemet

- Ravndal: me tek jo ut lam etter o-indeksen når me skal kåra.
- Bergøy: kåra lam i ein flokk er av dei beste!
- Ravndal: vert kåringa fjerna, då forsvinn også store delar av miljøet!

Svar frå Høyland: smertegrensa for kostnadane er snart nådd! Dessverre skal dette løysast økonomisk,- og det er ikkje vonleg å heva kåringsavgifta særleg mykje meir, då vil det bli stilt langt færre lam til kåring.

- Lyse: folk kjøper verlam og er lukkelege for å ha kjøpt eit flott lam! Dette handlar ikkje om om me lurar folk, men om at det er lite informasjon og forståing om indekssystemet ute blant folk! Hadde me klart å selje bodskapet om o-indeksen, og forståinga for dette, då hadde me kome langt på veg mot eit betra system!!  
Ravndal: kan me betala dommerane meir, så kan me vel heve kåringsavgifta!?

Svar frå Høyland: det er viktig å kome med gode forslag

- Jon Arvid Vassbø: einig med Per Johan, me må få folk informerte om avlssystemet!
- Ola Jordebekk: kan me ikkje bruka dommerane lokalt?

Svar frå Per Johan Lyse: det er teneleg å tenke økonomi i planlegging av kåringa, men det er også fagleg teneleg at dommerane ser dyr i heile fylket, og får erfaring utanfor eiga bygd!

- Ness: folk må ikkje lyge om lamma sine,- me må vera erlege å seie at dette er det beste lammet eg har i flokken min, ikkje at det er det beste lammet i det heile.

#### Rovdyrnytt:

### Ved Øyvind Bergøy

For to år sidan vart ein delvis halden for narr fordi ein påpeika eit aukande problem med rovdyr. Dessverre fekk ein rett. Gaupa er no observert tidt og jamt, to er allereie tekne på Jelsa. Hu har ikkje gjort dei store skadane enno,- men noko er det. Mykje vas med søknadar om erstatning og lite utbetaling det året.

I år har mange fleire enn ønska, mista lam til jerv. Mange har uttalt, at dei ikkje vil halde fram med saueproduksjon, hvis ein skal oppleve slike resultat. Det var beklagelegvis gjeve feil påstand om at det var ulv som hadde gjort skade på sau i Ryfylkeheiane, dette kunne forvekslast pga bitt over snuten. Mistanke om at det i tillegg er ei tise i same området. Jerven får 2-4 ungar i kulla.

Rovdyrmøte vart arrangert midt i Ryfylke, på Hjelmeland. Det var 50 frammøtte, inkl Brå frå Fylkesmannen og ein representant frå SNO, samt mange jegerar. Me har lisensjakt på vanlege premisser, kven som helst kan gjere dette om dei er registrerte som lisensjeger og har fått tillatelse frå grunneigar. Det er opna for lisensjakt på to stk jerv i Ryfylkeheiane fram til 15.febr. Signala frå myndighetene er at så lenge det er opent for lisensjakt er det vanskeleg å få tillating til felling av skadedyr. Lisensjakta vert annonsert i mange aviser og fagblad, slik at grunneigarar kan gje beskjed om at dei ikkje tillet jakt på sine eigedomar. Pr dags dato er det ikkje kome inn forbod, kun positive tilbakemeldingar. Det er allereie organisert eit jaktlag, samt at det er mange enkeltjegerar. Jakta bør starta umiddelbart,- då dei aller fleste av terrenga er ugjestmilde og vanskeleg tilgjengelege i dei komande månadane.

DNA funn av to stk hannjerv i Ryfylke, og store mengder lammelik gjer at rovdryrmann Brå frå fylkesmannen no var mildare stemt. Jerven vil koma attende til bytta sine for å ete, så det er von om å finne han att der no i vinter, slik at ein får teke han. Jerven kan grave seg ned 3 meter ned i snøen for å ta att skrottane sine, han har ein enorm luktesans! RSG lovar at dette vil bli fulgt opp så godt ein kan framover.

Krav å innfri, for å verte lisensjeger:

Bestått jegerprøve, betalt jegeravgift, skrive jaktrapport, og sjølvsgt, om du nyttar rifle, skal det avleggast skyteprøve.

### Økonomisk opptur i sauenæringa!

Det er viktig å gleda seg over det som er positivt, og i år er det mange som har blitt svært stolte og glade over slakteoppgjera sine. Med god innsats er det fullt mogleg å tene pengar! Det er ein fagleg utfordrande produksjon, men det er gjillt, og det er no endeleg mogleg å tene pengar!!

Hugs at det er tilskotet som ofte betalar fjellsendinga. 1000 arbeidstimar på ein slik flokk er realisteisk,- dette er ei fullt ut akseptabel løn,- det er derfor ufatteleg gjilldt å sjå og oppleve slike tal som mange får sjå denne sesongen!

Utviklinga i sauehaldet mtp dyrevelferd og tidsbruk i sauset har ikkje vore av den beste,- me må alle ta tak og sjå til at dei som ikkje held standard vert tilsnakka og hjulpne.

- Hallgeir Rønnevik: med så gode tal som no,- kvifor er det slik at stadig fleire sluttar, trur du?

Svar frå Bergøy: det er for lita interesse, folk har dårleg tid og vanskelege arbeidshøve. Dett kan nok vere mykje av årsaka?

### Open post:

- Vassbø: kan det vere aktuelt å sende geiter til Bosnia? På lik linje som me sende verlam til Romania...

Svar frå Thunheim: det er mykje arbeid, det er veterinærmyndighetene i det landet dyra skal til, som avgjer saka. Dette kompliserar ein heil del!

Svar frå Høyland: vereringsmedlemmar kan ikkje lenger sende /eksportera lam nett slik dei ynskjer. Juridisk er lamma NSG sin eigedom, det er NSG som eig avlsverdien av det arbeidet dei har gjort. NSG tek 200 euro for eit verlam.

- Hallgeir Rønnevik: Dei lamma som vart eksporterte til Romania, kom dei frå besetningar som har fått påvist fotråde?



Svar frå B.Høyland: ja, dessverre. Men Romania har ein kjent fotråteproblematikk, me er såleis ikkje ansvarlege for Fotråtesmitte i Romania.

Forus 20.nov 2008, For Rogaland Sau & Geit

Hilde Elin Østerhus

[Tilbake](#)